



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1558 - 14/9882

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

15.09.2014

## Dispensasjonssak gbnr 24/297 Bø - mur og innbygging av septiktank - dispensasjon - oversending for klagevurdering

Saka gjeld søknad om oppføring av støttemur, samt terrengtilpassing for innbygging av septiktank.

### Planstatus

Eigedomen ligg i området som etter kommuneplan for Radøy kommune er definert som byggeområde for bustad. Tiltaka ligg innafor byggegrense mot sjø etter kommuneplanen, og krev difor dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovedutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 03.09.14 der følgjande vedtak vart fatta:

### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 066/2014

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **PLT - vedtak:**

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av to murkroner på ca. 30 cm høgde, samt gjerde og støttemur på 149 cm som omsøkt høgde på følgjande vilkår:

1. Gjerde skal utførast i type flettverksnetting og i ein farge som harmonerer med dei naturlege omgjevnadene.
2. Området mellom støttemur og øvre murkrone skal plantast til med stadeigen vegetasjon.

Det vert gjeve dispensasjon for innbygging og overdekking av septiktank på følgjande vilkår:

1. Vegger og overdekking skal ha eit volum som er innafor det

- som er naudsynt for å dekke septiktanken.
2. Vegger skal utførast i naturstein eller anna materiale som har farge som harmonerer med dei naturlege omgjevnadene.
  3. Septiktanken skal overdekkast med jord og plantast til med stadeigen vegetasjon.
  4. Tiltaket skal ferdig utført vere minst mogleg synleg i terrenget. Tiltaket skal fremstå som terrengtilpassing og ikkje ha karakter av ein bygning.

### **Klage**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.*

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tonje Nepstad Epland på e-post [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no) eller på telefon 56 34 90 50

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Dispensasjonssak gbnr 24/297 Bø - støttemur og innbygging av septiktank - søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø

Dispensasjonssak gbnr 24/297 Bø - søknad om dispensasjon - betongmurer

Kart

Teikningar

IMG\_0662

IMG\_0664

IMG\_0665

IMG\_0666

201407301336

**Mottakarar:**

---

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN